UTTALE

*om*

# ELDRERÅD i vår nye Alver komtnune

Eldrerådet i Alver har ni medlemmar, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen.
Eldrerådet vel leiar og nestleiar.
Ved etableringa av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må korne frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk.
Dei tre som vert valt frå medlemmane i Alver kommunestyre må og representera underutvala i kommunen (teknisk/levekå'r/næring).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandle alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan korne med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syta for at rådsmedlemmene får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.

Lindås den 1. november 2018

| Lindås Eldreråd | Meland Eldreråd | Radøy Eldreråd |
| --- | --- | --- |
| J.YJ..... { o""iJ | .............. | |
| Leiar | Leiar | Leiar |